



Alver kontrollutval

Møteprotokoll med saksframlegg

- Møtedato: 8. september 2020 kl. 09:00 – 14:30
Stad: Formannskapsrommet, Rådhuset i Knarvik
- Tilstade: Jimmy Pasali (leiar), Harald Breivik (nestleiar), Karolina Vakt skjold (medlem), Rolf Sandstad (medlem), Solbjørg Åmdal Sandvik (medlem), Margrethe Aven Storheim (medlem) og Arild Tveranger (medlem)
- Forfall:
- Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun (til sak 59/2 og 60/20), avdelingsleiar for miljø og tilsyn, Silje A. H. Haukedal (til sak 57/20) og avdelingsleiar for plan og byggesak Marianne Aadland Sandvik (til sak 58/20)
- Revisor: Statsautorisert revisor Harald Sylta og forvaltningsrevisor Magnus N. Heggen
- Sekretær: Bent Gunnar Næss, Nordhordland Utviklingselskap IKS (NUI)

51/20 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 8. september 2020

Saksopplysingar:

Innkalling og sakliste til møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 8. september 2020 er godkjent.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet godkjente innkalling og sakliste.

Samrøystes vedtak:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 8. september 2020 er godkjent.



52/20 Godkjenning av protokoll frå møte i kontrollutvalet 15. juni 2020

Saksvedlegg:

Møteprotokoll frå møtet 15.06.2020

Saksopplysingar:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

Framlegg til vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 15.06.2020 er godkjent slik den ligg føre.

Behandling i møte:

Til sak 48/20 så ønska kontrollutvalet opplysning om tal klagesaker innan tenesteområdet oppvekst sendt til Fylkesmannen frå Alver kommune. Kontrollutvalet ber om at ein får informasjon om dette til neste møtet i kontrollutvalet.

Samrøystes vedtak:

Møteprotokoll frå møtet 15.06.2020 er godkjent.

53/20 Skriv og meldingar

1. Revisjonsmelding for bebuar- og pasientrekneskapen og for kontantrekneskapet ved Velferdssenteret i 2019
2. Status rekneskapstal for kontrollarbeidet
3. KS-vedtak 050/20
4. Innkomne henvendingar

Saksvedlegg:

- Revisjonsmelding for bebuar- og pasientrekneskapen ved Velferdssenteret 2019, Nordhordland Revisjon IKS
- Revisjonsmelding for kontantrekneskapet ved Velferdssenteret i 2019, Nordhordland Revisjon IKS
- KS-vedtak 050/20, Alver kommune

Saksopplysingar:

Diverse referat- og orienteringssaker under skriv og meldingar.



Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet gjennomgjekk skriv og meldingar.

Til punkt 4 vart møte lukka med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.

Leiar orienterte om ei konkret sak (punkt 4) som kan vere aktuelt for kontrollutvalet å sjå nærare på. Etter innspel frå revisjonen kunne temaet takast med i revisjonen sitt arbeid med forenkla etterlevingskontroll, sjå sak 56/20.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

54/20 Risiko- og vesentlegvurdering – plan for forvaltningsrevisjon

Saksvedlegg:

Risiko- og vesentlegvurdering, KPMG

Utkast til Plan for forvaltningsrevisjon, KPMG

Saksopplysingar:

KPMG har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering, samt framlegg til plan for forvaltningsrevisjon, jf. KU-vedtak 04/20 om godkjenning av prosessplanen.

Plan for forvaltningsrevisjon skal innehalde prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt for denne perioden, jf. kompl. § 23-3. Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå kontrollutvalet. I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen.

KPMG vil i møtet gjennomgå risiko- og vesentlegvurderingane og utkast til plan for forvaltningsrevisjon. Kontrollutvalet skal i møtet gjere ei vurdering og prioritering av dei ulike områda (jf. punkt 2.2, s. 3 i utkast), og kontrollutvalet vert oppfordra til å sette seg ekstra godt inn i saksdokumenta i forkant av møtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.



Behandling i møte:

Revisjonen hadde ein gjennomgang av utkastet til plan for forvaltningsrevisjon. Metodikken i arbeidet med rapporten vart gjennomgått. I rapporten vart det peika på følgjande område som kunne vere aktuelle for forvaltningsrevisjon:

- Beredskap; hendingar og katastrofar
- Samhandling mellom tenester
- Effektivitet og kvalitet innafor helse og omsorg
(Kommunen er i gang med eit arbeid – derfor bør dette prosjektet eventuelt takast seint i perioden)
- Elevane- opplæring og skulemiljø
- Vasskvalitet
- Habilitet
- Personvern og informasjonstryggleik
- Barnevern
- Innkjøp
- Oppfølging av arbeidsmiljøloven
- Økonomisk berekraft og økonomistyring
- Handtering av endra rammevilkår
- Manglande kompetanse
- Miljø

Forvaltningsrevisjon av selskap som kommunen er eigar av:

- Nordhordland og Gulen interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR)
- IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefellesskap

I møte vart kontrollutvalet einige om at følgjande område vert prioritert som tema i forvaltningsrevisjon og med tilrådd rekkefølge:

1. Barnevern, oppvekst og tidleg innsats
2. Innkjøp
3. Beredskap
4. Brot på personvern og informasjonstryggleik
5. Økonomisk berekraft og økonomistyring
6. Habilitet

Revisjonen tek med seg desse innspela og kjem med ein oppdatert og endeleg plan for forvaltningsrevisjon som gir grunnlag for sak til kommunestyret. Kontrollutvalet vil få framlagt denne på neste kontrollutvalsmøtet, saman med utkast til prosjektplan for oppvekst – område nr 1.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og den vert endeleg handsama i neste møte.



55/20 Risiko- og vesentlegvurdering – plan for eigarskapskontroll

Saksvedlegg:

Utkast til Plan for eigarskapskontroll, KPMG

Saksopplysingar:

KPMG har utarbeida risiko- og vesentlegvurdering, samt framlegg til plan for eigarskapskontroll, jf. KU-vedtak 04/20 om godkjenning av prosessplanen.

Plan for eigarskapskontroll skal innehalde prioriterte kontrollar for denne perioden, jf. koml. § 23-4. Kommunestyret vedtek planen etter innstilling frå kontrollutvalet. I planen er det foreslått at kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen.

KPMG vil i møtet gjennomgå risiko- og vesentlegvurderingane og utkast til plan for eigarskapskontroll. Kontrollutvalet skal i møtet gjere ei vurdering og prioritering av dei ulike områda (punkt 2.3., s. 2 i utkast), og kontrollutvalet vert oppfordra til å sette seg ekstra godt inn i saksdokumenta i forkant av møtet.

Framlegg til vedtak:

Ingen framlegg til vedtak.

Behandling i møte:

Revisjonen hadde ein gjennomgang av utkast til plan for eigarskapskontroll.

Det var tre ulike tema som kunne vere aktuelle og kontrollutvalet prioriterte dei i denne rekkefølga:

- Generell eigarstyring
- Næringsutvikling
- Nordhordland og Gulen interkommunale renovasjonsselskap IKS (NGIR)

Revisjonen tek med seg innspela og kjem med ein oppdatert og endeleg plan for eigarskapskontroll som gir grunnlag for sak til kommunestyret.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering og den vert endeleg handsama i neste møte.





56/20 Orientering om forenkla etterlevingskontroll

Saksopplysingar:

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommunelova, jf. § 24-9.

Statsautorisert revisor Harald Sylta frå KPMG kjem for å orientere nærare om kontrollen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Sylta hadde ein gjennomgang om forenkla etterlevingskontroll i møte.

Det vart peika på om forenkla etterlevingskontroll kunne vere ein måte å følgje opp innspela frå punkt 4 i sak 53/20. Kontrollutvalet valde å lukke møtet med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.

Møte vart lukka og revisor orienterte om korleis punkt 4 i sak 53/20 kan følgjast opp i forenkla etterlevingskontroll.

Kontrollutvalet gav innspel på kva som kan vere aktuelt å ta med i ein slik etterlevingskontroll.

Møte vart opna igjen.

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning og ser det som nyttig at det vert gjennomført forenkla etterlevingskontroll.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til etterretning.



57/20 Orientering om arbeid med kloakkrør

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet gjorde vedtak i sak 46/20 i møtet 15. juni der dei ber om ei orientering frå administrasjonen om arbeid som har vore gjort med eit kloakkrør i Alver kommune.

Administrasjonen er bedt om å orientere nærare om bakgrunnen for dette arbeidet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Avdelingsleiar for miljø og tilsyn, Silje A. H. Haukedal, møtte til saka for å orientere. Saka inneheldt sensitive og taushetsbelagte opplysingar.

Kontrollutval valde å lukke møtet under vidare handsaming av saka med heimel i kommunelova § 11-5, forvaltningslova § 13 og offentleglova § 13.

Haukedal orienterte om kva som hadde skjedd i saka. Saka har vore tema i i hovudutval for plan og landbruk i Radøy kommune. Det var ei konkret sak som kommunen har funne ei konkret løysing på med offentleg avløp. Dette gav fleire bustadar mulighet til å kople seg på. Det som er gjort er etter ei politisk innstilling og innafor administrasjon sin fullmaktsområde.

Nytt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet takka for ei god orientering. Kontrollutvalet meiner at denne saka har fått ei god løysing og ser saka som avslutta.

Votering:

5 røyster slutta seg til nytt framlegget til vedtak og 2 stemte mot (leiar og nestleiar).

Vedtak:

Kontrollutvalet takka for ei god orientering. Kontrollutvalet meiner at denne saka har fått ei god løysing og ser saka som avslutta.



58/20 Orientering om sakshandsaming kring fritidsbolig

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet gjorde vedtak i sak 46/20 i møtet 15. juni der dei ber om ei orientering frå administrasjonen om sakshandsaminga i ei byggesak som gjeldt ein fritidsbolig i Alver kommune.

Administrasjonen er bedt om å orientere nærare om saka.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Avdelingsleiar for plan og byggesak Marianne Aadland Sandvik orienterte om saka. Sjå eigen presentasjon som er lagt ved.

Kontrollutvalet stilte spørsmål som vart besvart i møte.

Dette er ei byggesak som ikkje er avslutta. Saka må følgje dei prosessane som gjeld for denne saka.

Leiar fikk bekrefte av Marianne Aadland Sandvik om det kun gjenstår en søknad som ikke kommunen kunne avslå.

Kontrollutvalet kan ikkje sjå at dette er ei sak for kontrollutvalet slik den no ligg føre.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takka for ei god orientering. Kontrollutvalet tok saka til orientering.

59/20 Orientering om internkontrollsystem

Saksopplysingar:

Kommunen skal ha internkontroll med administrasjonen sin verksemd for å sikre at ein følgjer gjeldande lover og forskrifter, jf. koml. § 25-1. Internkontroll er eit kontinuerleg arbeid som skal vere systematisk og tilpassast kommunen sine aktivitetar og risikoforhold. Kontrollutvalet fekk i sak 38/20 orientering om



internkontrollsystem i Alver kommune, og fekk gjennom dette mellom anna ei oversikt over delegeringsmynde, pågåande prosjekt og aktuelle reglement og rutinar for internkontroll i kommunen.

Rådmann vil i møtet gje ei kort statusorientering om internkontrollsystem i kommunen.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmann orienterte om internkontrollsystemet. Det vert jobba med eit overordna internkontrollsystem som begynner å komme på plass. Internkontrollsystemet nedover i systemet har nokon stader potensiale til forbetring. Dagens verktøy er ikkje tilfredsstillande, det er for tungvint. Det er difor satt i gang eit arbeid med å anskaffe eit «verktøy» som gjer at jobben med internkontroll kan skje på ein meir hensiktsmessig og rasjonell måte.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning.

60/20 Orientering om budsjettprosess

Saksopplysingar:

Alver kommune har pågåande ei budsjettprosess, og rådmann vil gje ei kort orientering om denne i møtet.

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Behandling i møte:

Rådmann orienterte om budsjettprosessen, sjå eigen presentasjon.

Kontrollutvalet stilte spørsmål som vart besvart i møte. Budsjettprosessen er krevjande og det må sjåast på tiltak på ulike område/tema for å få til ein berekraftig økonomi på sikt.



Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orientering til etterretning.

61/20 Møteprotokollar frå politiske utval

Saksopplysingar:

Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Politisk møteplan med innkallingar og møteprotokollar ligg i innsynsløysinga:

https://innsyn.sing.no/alver/innsyn_mote/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet hadde ingen merknader.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet har ingen merknader til møteprotokollar frå politiske utval.

62/20 Eventuelt

Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.

Behandling i møte:

Kontrollutvalet drøfte behov for kurs og/eller felles konferanse. Kontrollutvalet ønskjer å ta del når det er felles kurs til folkevalde i kommunen (t.d. folkevaldopplæring).

Kontrollutvalet etterlyste informasjon om mal/rutine for tilbagemelding for dei som henvender seg til kontrollutvalet, jf. sjå sak frå forrige møte.



Alver kommune


Sekretariat for kontrollutvalet
Region Nordhordland

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til etterretning.

Knarvik, 08.09.2020

Jimmy Pasali
Leiar i kontrollutvalet



Bent Gunnar Næss
Kontrollutvalssekretær